

<b>Saksnr:</b>	20/00028 – 13	
<b>Møte:</b>	Styringsråd elnnsyn	
<b>Møtestad:</b>	Digitalt, Teams	
<b>Møtedato:</b>	13. januar.2022 kl. 13.00 – 14.00	
<b>Møteleiar:</b>	Frode Danielsen (leiar)	
<b>Referent:</b>	Bodhild Therese Cirotzki	
<b>Inviterte deltakarar</b>		<b>Til stades</b>
Digitaliseringsdirektoratet	Frode Danielsen	Ja
Arkivverket	Espen Sjøvoll	Nei, meldt fråvær
Norsk Presseforbund	Tron Strand	Ja
Nærings og fiskeridepartementet	Jørn Holen	Ja
Lotteri- og stiftelsestilsynet	Solveig Helene Geithus	Ja
Mattilsynet	Monica Acatrinei	Ja
Trøndelag fylkeskommune	Kari Myhre	Ja
Oslo kommune	Hilde Tvervik Juva	Ja
Oslo kommune	Lars Arne Ryssedal	Ja
<b>Fagressurs</b>		
Digitaliseringsdirektoratet	Stein Magne Os	Ja
Digitaliseringsdirektoratet	Jon Håkon Odd	Ja
Digitaliseringsdirektoratet	Nina Munthe Olsen	Ja
Digitaliseringsdirektoratet	John Eivind Presterud	Ja
Digitaliseringsdirektoratet	Bodhild Therese Cirotzki (referent)	Ja
Oslo kommune	Jon Sundby	Ja

<b>Saksnr:</b>	<b>Agenda</b>
<b>22/01</b>	<p><b>Velkommen, godkjenning av sakliste og referat</b>  <i>Sakspapir: Møtereferat 21-06-16</i>  Ingen merknader til sakliste eller referat frå førre styremøte.</p>
<b>22/02</b>	<p><b>Status drift og forvaltning for elnnsyn v/ Nina Olsen Munthe, seksjonsleiar i avdeling for digitale fellesløysingar i Digdir.</b>  <i>Sjå presentasjon "22-01-13, elnnsyn styringsråd"</i></p> <p>Digdir tek imot innspel til tema for Brukarrådet 2022.</p> <p><b>Innspel frå Styringsrådet:</b>  Er det mogleg å analysere innsynskrava? Få oversikt på kven som søker og kva tema som får flest treff.</p> <p><b>Svar frå Digdir:</b>  Vi kan hente ut informasjon om dokument- og sakstittel men opplysningar om kven som søker innsyn får vi ikkje ut då søket er anonymt. For å få kunnskap om dette kan vi evt vurdere ei brukarundersøking. I Q2 vil løysinga har funksjonalitet for å kunne vise kor mange som opnar fulltekst publiserte dokument.</p>
<b>22/03</b>	<p><b>Oppfølging av sak frå sist møte v/ Stein Magne Os, produksjef</b></p> <p><i>Sjå presentasjon "22-01-13, elnnsyn styringsråd"</i></p> <p>Digdir har gjennomført møte med kommune og leverandør for å avdekke og avklare problem og retting. Dette blir no følgt opp hjå leverandør. Digdir bidreg i vidare arbeid om nødvendig.</p> <p>Vi har forbeta dokumentasjon på korleis det er ønskjeleg med samhandling mellom kunde, leverandør og elnnsyn.</p> <p><b>Innspel frå Styringsrådet:</b>  Oslo kommune erfarer at det å bygge nasjonal løysing er omfattande og det har vore krevjande å tilpasse møtepblisering (2.0) Det er krevjande å bygge ein infrastruktur for digitalisering, men det vil gi gevinst på lang sikt.</p> <p><b>Svar frå Digdir:</b>  Digdir ser verdien av den jobben Oslo kommune har lagt ned og er avhengige av at store verksemder er pådrivar for at vi skal kunne implementere nasjonale løysingar.</p>
<b>22/04</b>	<p><b>Utbreiing i kommunal sektor</b>  <b>Budsjett og rammebetingelsar v/ Frode Danielsen, avdelingsdirektør</b></p>

	<p>Det er utfordring med å implementere merkantil faktureringsmodell som skal dekke kostnad for drift av elnnsyn. Vi er ikkje komne i gang med fakturering grunna usikkerheit med meirverdiavgift og framtidig finansieringsmodell, og må difor avvente ein del av vidarefaktureringa for elnnsyn. Utbreiing av einnsyn vil inntil vidare blir løyst på Digdir sitt budsjett. Litt avgrensingar over tid. Det skal gå greitt i budsjettet for 2022, men blir det langvarig blir det utfordrande.</p> <p><b>Status utbreiing kommune v/ Bodhild Therese Cirotzki, prosjektleiar kommunal sektor</b> <i>Sjå presentasjon "22-01-13, elnnsyn styringsråd"</i></p> <p>Vi erfarer at utbreiing tek tid. Nokre vil kome på i 2022, men vi ser også at fleire som tek til å teste løysinga i 2022 truleg ikkje kjem på før 2023.</p>
22/05	<p><b>Utviklingsplan 2022 v/ John Eivind Presterud, løysingsarkitekt</b> All utvikling er basert på innspel som er komne inn. Og vi tek i mot innspel fortløpande!</p> <p>2021:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Statestikk vil kome inn ganske snart og vil m.a. innehalde statestikk på opning av fulltekst dokument. Det vil bli jobba kontinuerleg med å utvide informasjon i statestikk løysinga.</li> </ul> <p>2022:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Abonnementsfunksjonalitet. Sluttbrukar får varsel om at det er kome noko nytt på et lagra søk eller spesifikk sak</li> <li>- Oppdatering av applikasjonar og bibliotek for å ikkje vere sårbare</li> <li>- «Meta data for offentlegheit» datamodell som ikkje er avhengig av Noark</li> <li>- Direkte integrasjon: Gjere det enklare å levere data utan bruk av elnnsyn klient, for sending inn til oss og innsynskrav tilbake. Leverandøren får meir kontroll og kan via kvittering sei til kunde at det er levert. Betre automatisering!</li> </ul>
22/06	<p><b>Orienteringssaker v/ Stein Magne Os, produksjef</b></p> <p><b>- Regulatorisk sandkasse for arkiv og offentlegheit</b> Deltaking er viktig for utvikling av elnnsyn.</p> <p>Avslutta prosjekt, Norsk Helsenett: vi ser at når ein ikkje brukar Noark standard vil ein vere avhengig av metadata for å vise data i elnnsyn. («Metadata for offentlegheit») Rapporten frå prosjektet er tilgjengeleg på <a href="#">Samarbeidsportalen</a></p> <p>Pågåande prosjekt, Stavanger, publisering til elnnsyn frå datasjø: dei publiserer historiske møtedata frå datasjø til elnnsyn (alt som er digitalt skapt 1990 – 2020). Erfaringar viser at det er stor skilnad på korleis ein løysar Noark standaren og praksisen hjå leverandør og i kommunane. Det har vore nokre utfordringar i overføring av data, men det er mogleg med hjelp av litt tilpassingar. Parallelt vil dei publisere dagens data frå kommunen. Sluttrapport vil kome etter at den er godkjent i styringsrådet til sandkassa.</p> <p>Pågåande prosjekt, Digi Barnevern; er mest eit arkivfaglege prosjekt med dei ser på moglegheita for meir offentlig barnevern utan at det omhandlar person og sensitive opplysningar.</p> <p>Komande prosjekt, Tolletaten: skal sjå på arkiv og offentliggjeriing av store datasett. Utforske mogleg bruk av <i>DCAT standard</i> og Felles Datakatalog. . Det er ønskje og mål om arkivering og innsyn på utsida av arkivsystem . Sjå på datakatalog og elnnsyn.</p> <p>Ny søknadsprosess med digitalt infomøte 6. jan med 100 deltakarar. Stor interesse og engasjement frå deltakarane, søknadsfrist 25. januar Det vil bli innstilt kandidatar i samarbeid med Arkivverket. Det er lagt opp til fleire søknadsrundar i 2022.</p> <p><b>Innspel frå Styringsrådet:</b> Er det mogleg ved overføring av historiske møte dokument å vise kven som har hatt roller i ulike politiske utval til ei kvar tid? For dette er ikkje i løysinga no.</p> <p><b>Svar frå Digdir:</b></p> <p>Digdir har under arbeid eit forprosjekt som skal greie ut funksjonalitet for ein nasjonal oversikt over politikarar og utval. Dersom ein slik oversikt blir realisert er tanken at den skal vise roller i politiske utval knytt til møtedokumentasjonen. Historisk visning av dette vil evt. vera avhengig av at nødvendige data eksisterer og let seg overføre iht. oppsette modellar.</p> <p><b>- Brukarundersøking og brukstal</b> Gjennomført november 2021, med mini «pop up» på elnnsyn .no. Tilsvarande undersøking vart gjennomført i 2020. Vi ser at oppgraderinga til Design 3.0 i 2020 gir resultat. Det er tydeleg at det er enklare å finne det ein søker.</p> <p><b>- Rapport frå Riksrevisjonen</b> elnnsyn er nemnt 30 gonger i rapporten! Vi er spente på om det kjem nye føringar på sikt.</p> <p><b>Innspel frå Styringsrådet:</b> Vi ser at det ofte at sak og dokumenttittel på postlister blir anonymisert.</p>

	<p>Offentlegheitsforskrifta § 6 er ikkje trådd i krat som, den regulerer verksemda si plikt til å offentleggjere på elnnsyn. Er dette kjent? Noko som kan forklar det? Vil det føre til at statlege etatar ikkje publiserer alt på elnnsyn?</p> <p><b>Svar frå Digdir:</b> Ja vi kjenner til problemstillinga. Kvifor dette blir gjort er vi usikre på? Vi har ikkje opplevd problem med dette.</p>
<b>22/07</b>	<p><b>Neste møte før sommaren</b> Forslag til agenda:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Meir informasjon om fulltekstpublisering (erfaringsdeling frå Oslo og Mattilsynet)</li><li>- Utfordring med leverandørar?</li><li>- Fiks IO og KS</li><li>- Orientering om forprosjektet Politkar oversikt</li></ul> <p>Det blir oppmoda om at deltakarane i styringsrådet kjem med innspel på tema til agenda for neste møte.</p>